

Bakgrunn for nytt orgel i Fjære kyrkje

Renessanseorgelet i Fjære kyrkje er del av eit forskingsprosjekt leia av professor Francesco Cera (Conservatorio di Matera, Italia) som har fokus på Roma-orgelbyggingsskule på 1500- og 1600-talet. Orgel i Roma frå denne tida viser sterke band med den flamske tradisjonen, og skil seg ut frå resten av den italienske skulen (t.d. er trompetregisteret til stades). To flotte eksempel på Roma-renessanseorgel er Luca Blasi-orgelet frå 1599 i domkyrkja i Roma St. Johannes Lateran, og Guglielmi-orgelet frå 1612 i Santa Maria in Vallicella. Prosjektet starta for nokre år sidan med restaureringa av Ennio Bonifazis orgel (1640) i San Lorenzo-kyrkja i byen Sant'Oreste nær Roma. I åra 1624-1626 bygde Ennio Bonifazi ut orgelet frå 1496 i det Klementiske kapellet i Peterskyrkja, nett i den tida då Girolamo Frescobaldi var organist der. Bonifazi hadde i mange år vedlikehaldsansvar for orgla i Peterskyrkja, og det er svært sannsynleg at nærkontakten med Frescobaldi påverka orgelbygginga til Ennio Bonifazi.

Orgelet i Sant'Oreste blei bygd etter erfaringa i Peterskyrkja og absolutt alt av pipemateriale og vindlade er godt bevart! Restaureringa har gitt masse informasjon om byggjetechnik og smak for intonasjon, med låge labier i pipene for å få fram overtonane. For

første gong blei det oppdaga bruk av subsemitangentar for aiss i Italia (jf. Lübeck, St. Maria). Med utgangspunktet i erfaringa med restaureringa bygde Giuseppe Ponzani eit orgel i Fjære kyrkje med same material, teknikkar, vindlade, mensurar og mål av pipene som Bonifazi-orgelet for å utforske korleis musikken av Frescobaldi vil låte på eit slikt instrument. Samstundes er orgelet i Fjære kyrkje eit nyttig verkty i Noreg for å studere italiensk renessanse- og barokkorgelmusikk, spesielt Frescobaldi.

Fjære sokn fekk i mars 1974 sitt forrige orgel, bygd av Vestlandske Orgelverksted, Hareid. I Tilstandsrapport for orgelet i Fjære kirke, Grimstad skriv Johan Varen Ugland i året 2002:

Orgelet er som helhet av svært dårlig kvalitet. Dette har sin grunn i til dels mangel på kunnen, til dels ønsket om å produsere så billig som mulig og derved bevisst gå på akkord med kvaliteten (...) Man bør derfor ikke sette i gang kostbare restaurerings- eller reparasjonsprosjekter, men heller spare pengene til man engang får et fullverdig instrument.

Denne rapporten resulterte i at det blei sett i gong ein prosess som førte til at Fjære sokn oppnemnte ein orgelkomité

med kantor Hans van der Meijden som orgelkonsulent. Orgelkomiteen, leia av kantor Andrea Maini, fekk mandat for å jobbe for å få nytt orgel i Fjære kyrkje. Komiteen undersøkte desse moglegheitene:

- skifte ut dei dårlegaste delane
- kjøpe brukt
- byggje nytt

og kom til konklusjonen at å byggje nytt var den beste løysninga. Dette blei i komiteen samstemd vedtatt. I mars 2013 blei det lagt ut anbod på Doffin, og etter ei prekvalifisering blei tri tilbydarar godkjende for å utarbeide anbod. Dei tri var Bottega organaria Giuseppe Ponzani (Italia), Flentrop Orgelbouw B.V. (Nederland) og Marco Fratti Sas Construzioni Organi a Canne (Italia).

Alle dei tri pre-kvalifiserte firma la fram spennande prosjekt av høg kvalitet og viste mykje kunnskap om bygging av renessanseorgel. Orgelbyggjar Giuseppe Ponzanis framlagte prosjekt var å byggje ein kopi av det historiske Bonifazi-instrumentet i San Lorenzo-kyrkja i byen Sant'Oreste. Etter innstilling frå konsulent Hans van der Meijden og kyrkjesjef Jan Ivar Strømsodd valde orgelkomiteen Ponzani sitt prosjekt i sitt møte den 6. juni 2014.

Andrea Maini fortel om det nye Fjære-orgelet til interesserte Musica Sacra-deltakarar.

(Foto: Liv Skoglund)

